


Oppsummering møte Hjeltnes vgs

Dato: 08.10.2015

Deltakarar:	HFK- adm: Rune Haugsdal Fylkesrådmann, Bård Sandal Fylkesdirektør regional utvikling, Svein Heggheim Fylkesdirektør opplæring, Annbjørg Laupsa Regionleiar, Odd Bjarne Berdal Prosjektkoordinator Ulvik herad: Hans Petter Thorbjørnsen Ordførar, Joakim Øren Rådmann Hjeltnes vgs: Gunnbjørg Øyre Rektor, Mette Ose Sponheim Ass.rektor, Håkon Gjerde Elevinspektør/Avd.leiar, Andrid Solaas Innset Avd.leiar – Kompetansesenteret, Kåre Olai Solheim tillitsvalt Delta		
Emne:	Hjeltnes vgs etter moglegheitsstudiet	Sak:	
Referent:	Odd Bjarne Berdal		
Møtetid:	1000-1200	Møtestad:	Hjeltnes vgs

Tid	Kva
1.	<p>Omvising på Skulen</p> <p>Rektor viste rundt på områda som hører til skulen på det som tidligare var garden Holmen. Her ligg vinterhall og produksjonsanlegg og lager for anleggsgartnerar. Vidare er det plantefelt og drivhus. I tillegg leiger skulen ut fleire bustadhús på området.</p> <p>Deretter vart det gitt ei kort orientering på sjølve skuletunet med undervisningsbygg, administrasjonsbygg og internat.</p> <p>Bildet under viser oversikt over Holmen og skuletunet</p>

	<p style="text-align: center;">Hjeltnes</p>  <p>The aerial view shows the Hjeltnes campus with several labeled areas:</p> <ul style="list-style-type: none"> Kultur og fritidsaktiviteter Produksjon / drivhus Anlegg og maskin Frukt og bær Adm bygg Undervisningsbygg Kantine Internat
2.	<p>Aktivitet på skulen</p> <p>Rektor orienterte om aktiviteten på skulen. Dette skuleåret har skulen følgjande aktivitet:</p> <p>Hjeltnes vidaregåande skule 17 elevar 15/16 Vaksenopplæring gartnar 33 elevar på deltid</p> <p>Internat med plass til 45 elevar</p> <p>Fagskule – Arborist utdanning - frå 2014 under Bergen tekniske fagskule, studiestad Hjeltnes - 15 studentar på deltid</p> <p>Hjeltnes kompetancesenter - fagdagar, oppdrag og korte kurs</p> <p>Gardsbruket - hagebruket</p>
3.	<p>Kva meiner skulen om framtidig aktivitet</p> <p>Skulen legg vekt på at framtidig aktivitet må ta utgangspunkt i den kompetansen og dei ressursane som er på skulen i dag. Utifrå moglegheitsstudiet vart mellom anna desse satsingsområde trekt fram:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vidaregåande skule <ul style="list-style-type: none"> ❖ Vaksenopplæring- ❖ Vgs tilboda • Aktivitetar <ul style="list-style-type: none"> ❖ Produksjonsskule <p>Fagskule (Bergen tekniske fagskule) Arborist</p>

	<p>Lokal gastronomi Hagedesign</p> <ul style="list-style-type: none"> ❖ Gardsbruket / hagebruket (hovudfokus på mat) ❖ Kompetansesenter - kursverksemd ❖ Campus Hjeltnes – Destinasjon Holmen: reiseliv i samarbeid med private aktørar og universitet høgskule <p>Når det gjeld fagskuleutdanning innan lokal gastronomi er det søkt om NOKUT-godkjenning av ei slik utdanning i samarbeid med BTF. Skulen har tru på dette konseptet og ser dette i samanheng med Slow-Food konseptet og Ulvik herad sin status som Città slow. Kring dette er det òg innleia samarbeid med Austevoll vgs om sjømat</p> <p>Vidare trekk skulen fram produksjonsskule som ein aktivitet det ligg godt til rette for å etablere på skulen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Distriktstilbod - internat • Har produksjonsapparat til 3-4 verkstader • Produksjon kan nyttast mot dei andre tilboda på skulen • Erfaring med målgruppa • Trygt sosialt miljø <p>Det vart frå skulen si side understreka trangen for at det vart jobba konkret og målretta for å realisere aktuelle alternativ som vart lansert i mogleighetstudiet. Vidare treng skulen tydelege signal på kva innstilling fylkesadministrasjonen har når det gjeld framtidig aktivitet på Hjeltnes.</p>
4.	<p>Fylkesadministrasjonen si innstilling</p> <p>Fylkesrådmannen gjorde det klart at diskusjonen frå administrasjonen si side handla om <i>kva</i> den framtidige aktiviteten på Hjeltnes skulle vere, ikkje <i>om</i> det ville vere aktivitet framover. Når det gjaldt politisk framlegg vart det invitert til drøfting på om ein skulle legge fram sak til Fylkestinget i desember 2015 eller sjå det i samanheng med rulleringa av skulebruksplanen som vert lagt fram i juni 2016.</p> <p>Frå administrasjonen side ønskjer ein å arbeide målretta framover med å konkretisere framtidig aktivitet frå hausten 2017. Vidare ligg det også i dette at det trengs økonomisk stønad for å etablere ny aktivitet. Når det gjeld investeringsmidlar, som ligg i økonomiplanen til nytt drivhus, vert det ikkje tatt stilling til bevilling av midla før ny aktivitet er meir avklart.</p> <p><i>Vidaregåande opplæring</i></p> <p>Fylkesdirektør opplæring legg i si innstilling til grunn at det vidaregåande tilbodet vert fysisk flytta til Voss frå og med skuleåret 2017/2018. Dette er mellom anna ein konklusjon etter langvarig drøfting med anleggsgartnerbransjen. Tilbodet innan Naturbruk/anleggsgartnerar vert flytta til Voss vgs medan Design og handverk/blomsterdekoratør vert flytta til Voss Gymnas.</p> <p>Vaksenopplæring vert administrert frå Voss gymnas frå hausten 2017, men det ligg</p>

	<p>ikkje føringer på kor ein kan gje tilbod om kurs.</p> <p>Når det gjeld fagskule ligg avgjerala om å opprette tilbod først og fremst hos fagskulestyret og Bergen tekniske fagskule. I den samanheng vert det spennande å følgje NOKUT-søknaden om oppretting av tilbod innan lokal gastronomi.</p> <p>Produksjonsskule vert vurdert som eit aktuelt framtidig tilbod på Hjeltnes. Det er gode erfaringar på ein slik skule knytt til gard og elevar buande på internat i Danmark. Erfaringane så langt frå Hyssingen tilseier at ungdommane i stor grad slit med relasjonar til nær familie. Dette kan tyde på at det er trong for eit tilbod der det er eit poeng at ungdommen er borte frå sitt vanlege miljø. Eit slikt tilbod kan også vere aktuelt å realisere i samarbeid med tilbod innan psykisk helse.</p> <p>For å realisere eit produksjonsskule - tilbod er det viktig å konkretisere kva ein slik skule på Hjeltnes skal innehalde.</p> <p><i>Næringsutvikling</i></p> <p>Fylkesdirektør regionalutvikling takka skulen og Ulvik herad for det solide arbeidet som er lagt ned i moglegheitstudiet. Denne gir eit godt grunnlag for å kunne konkretisere ny og stabil framtidig aktivitet. På Hjeltnes ligg det store ressursar som har potensiale til å vidareutviklast i kommersiell retning.</p> <p>Det vart understreka at Ulvik herad vil spele ei avgjerande rolle i å få realisert ny aktivitet, men at næringsavdeling i fylkeskommunen vil bidra aktivt i dette arbeidet.</p>
5.	<p>Ulvik herad</p> <p>Skulen er svært viktig for heradet og regionen. Den er m.a. ein av dei større arbeidsplassane i bygda. Det er difor avgjerande å få vite kva som vil skje med Hjeltnes framover. Heradet vil vere heilhjarta med i prosessen vidare for å skape stabil aktivitet på Hjeltnes i framtida. Hovudmålet må vere at det <i>skal</i> vere aktivitet og at ein ser fylkeskommunal verksam med og næringsaktivitet i samanheng.</p>
6.	<p>Konklusjonar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Politisk sak utsettast og sjåast i samanheng med rullering av SBP. Det vil seie politisk handsaming i Fylkestinget i juni 2016. • Administrasjonen si innstilling er at vgs tilbodet vert fysisk flytta til Voss frå skuleåret 17/18 samt at VO tilbodet administrererast av Voss Gymnas frå same tid. • Det vert så raskt som mogleg starta opp arbeid (prosjektgrupper) med å konkretisere framtidig aktivitet i to spor: <ol style="list-style-type: none"> 1. Produksjonskule. Ansvar: Fylkesdirektør opplæring 2. Næringsaktivitet. Ansvar: Fylkesdirektør regional utvikling og Ulvik herad. Fylkesdirektør regional utvikling initierer arbeidet.

	Målet er at konkret aktivitet kan starta opp frå 2017. Det er viktig at det lagast arenaer i prosessen for samhandling/koordinering mellom dei to spora. Dette arbeidet representerer ei spassing av moglegheitstudiet.
--	---